

Saksbehandlar: Einar Atle Årdalsbakke, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/9408-13

## **Søknad om fornying av løyve for persontransport i rute på strekninga Trondheim - Bergen**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Firda Billag Buss AS får ruteløyve på strekninga Bergen–Førde-Stryn-Otta-Trondheim etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.09.2019 til 01.09.2029.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.
- d) Det er ikkje tillate å utføre lokaltransport på strekninga Bergen - Knarvik.
- e) Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/frå Bergen Busstasjon.
- f) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

### **Vedlegg:**

Søknad frå Firda Billag AS

### **Andre relevante dokument i saka:**

Yrkestransportlova med forskrift

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I søknad frå Firda Billag Buss AS, datert 29. november 2018 blir det søkt om fornying av ruteløyve nummer 14 06 2048, som er eit fellesløyve for Firda Billag Buss AS, Tide Buss AS og VY Buss AS (tidlegare Nettbuss Ekspress). Ruteløyve vart innvilga til Firda Billag Buss AS 15. desember 2011 for strekninga:

Bergen kl. 16.30 – Stryn – Otta – Trondheim, dagleg.  
Trondheim kl. 22.30 – Otta - Stryn – Bergen, dagleg.  
Bergen kl. 12.30 – Førde, dagleg.  
Førde kl. 12.30 – Stryn, dagleg.  
Stryn kl. 15.30 – Bergen, dagleg.  
Bergen kl. 14.30 – Førde, dagleg.  
Førde kl. 11.45 – Bergen, dagleg.

Løyvet er gyldig til 1. september 2019. Firda Billag Buss AS har søkt om fornying av ruteløyve utan at det er oppgitt noko tidsrom. Praksis er fornying med 10 nye år dersom det ikkje er søkt om ein kortare tidsperiode.

## 2. Høyring/ fråsegn til søknad

Søknaden frå Firda Billag Buss AS om fornying løyve har vore på høyring hjå Hordaland fylkeskommune, Oppland fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune.

I høyringssvar frå Hordaland fylkeskommune sin administrasjon, datert 25. januar 2019, fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjande fråsegn om fornying av ruteløyvet:

*« I Bergen kommune er det også til dels store utfordringer knytt til luftkvaliteten. Også dette tilseier at det vert sett som vilkår at det omsøkte ruta nyttar Fløyfjellstunnelen, og ikkje trafikkerer Bergen sentrum elles.»*

*«I Hordaland er kollektivtransportnettverket delt mellom lokale finmaska rutenett med høg frekvens i tettbygde område, spesielt i Bergen kommune, og regionale grovmaska rutenett med lågare frekvens. For å støtte opp under målsettingane i Kollektivstrategien, er det difor viktig at den omsøkte ruta vert driven etter same prinsipp som for andre regionale ruter. Av denne årsak er det frå Hordaland fylkeskommune si side ønskjeleg at gjeldande vilkår om at ruta ikkje skal utføre lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Knarvik, vert vidareført.»*

I høyringssvar frå Trøndelag fylkeskommune datert 26. april, er det gjeve følgjande fråsegn til denne høyringa:

*«Vi ønsker ruta velkommen i 10 nye år. De må gjerne gi et lokalt tilbud i Trøndelag om det er ønskelig.»*

I høyringssvar frå Oppland fylkeskommune datert 2. mai, er det gjeve følgjande fråsegn til denne høyringa:

*«Viser til deres brev datert 12.4.2019 (sak nr.: 18/9408-7) vedlagt søknad fra Firda Billag Buss AS*

*om ruteløyve for Trondheim – Stryn – Førde - Bergen og mellom Førde og Bergen, tur/ retur.*

*Søknaden gjelder fellesløyve for Firda Billag Buss AS, Tide Buss AS og Nettbuss Ekspress.*

*Oppland fylkeskommune har ingen innvendinger til søknaden.»*

## 3. Økonomiske konsekvensar

Selskapet Firda Billag Buss AS søkjer ikkje om økonomisk støtte til drift av denne ruta.

## 4. Vilkår

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det skal også vere eit vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår, eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedtekne i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

Følgjande vilkår stillast til ruteløyvet:

*Det er ikkje tillate å utføre lokaltransport på strekninga Bergen - Knarvik.  
Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/frå Bergen Busstasjon.*

## **5. Vurdering**

Firda Billag Buss AS har lagt fram alle påkravde attestar frå kemner, skatt, Brønnøysundregistra, samt politiattest utan merknadar. Firda Billag Buss AS oppfyller dei lovpålagde krava som er stilt i *Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)* med tilhøyrande forskrift.

I følgje Yrkestransportlova § 27. 3. ledd, står det følgjande:

*«(3) Behovsprøvde løyve etter §§ 6 og 7 gjeld i ti år.*

*(4) Departementet kan i løyvetida gjere endringar i forskriftene for løyvepliktig verksemd og i vilkår som er sette for eit løyve. Vil løyvehavaren ikkje halde fram med drifta på dei nye vilkåra, skal han få ei rimeleg tid til å leggje ned verksemda.»*

Vi er ikkje kjend med andre tilhøve som gjer at løyve for persontransport med motorvogn i rute, i denne samanheng, ikkje bør tildelast.

## **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at Firda Billag Buss AS får fornya ruteløyve, med 10 nye år, for dagleg persontransport med bussrute på strekninga:

Bergen kl. 16.30 – Stryn – Otta – Trondheim, dagleg.

Trondheim kl. 22.30 – Otta - Stryn – Bergen, dagleg.

Bergen kl. 12.30 – Førde, dagleg.

Førde kl. 12.30 – Stryn, dagleg.

Stryn kl. 15.30 – Bergen, dagleg.

Bergen kl. 14.30 – Førde, dagleg.

Førde kl. 11.45 – Bergen, dagleg.

Ruteløyve er eit fellesløyve for Firda Billag AS, Tide Buss AS og VY Buss AS.